




**Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane**  
er eit samarbeid mellom:

- Alle 26 kommunane i føretaksområdet
- Helse Førde
- Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest
- Kreftforeningen Distrikt Vestlandet



# Informasjon til deg som har fått ein kreftdiagnose, og dine pårørande

Ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane

For å samordne tenestetilbodet på ein god måte er det etablert eit **nettverk av ressursjukepleiarar** i Sogn og Fjordane. Ressursjukepleiarane arbeider i heimesjukepleia, sjukeheim eller sjukehus.

**Målet** er å gje den sjuke og familien støtte under og etter behandling.

**Ressursjukepleiarane** har kompetanse i og særleg interesse for kreftomsorg og lindrande behandling.

**Ressursjukepleiarane** kan vere til hjelp for deg og dine pårørande ved å:

- vere ein samtalepartnar
- informere om tilgjengelege tilbod
- gje hjelp til lindring av smerter og andre plager
- gje råd og vegleing i høve biverknader av behandling og tilrettelegging av hjelp i heimen



**Individuell plan (IP)** er eit sentralt verktøy for å få samordna tenester. Dersom du har behov for langvarige og koordinerte tenester, har du ein lovfesta rett til IP. IP skal utarbeidast med ditt samtykkje – og i samarbeid med deg.

### **Ressursjukepleiar(ar) i din kommune**

Namn:

Arbeidsstad:

Telefon:

Namn:

Arbeidsstad:

Telefon:

### **Ressursjukepleiar på ditt lokale sjukehus**

Namn:

Avdeling:

Telefon:

